

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Deres ref.	Vår ref.	Dato
IS/mb	22/1403-	29. april 2022

Dokument 8:203 S (2021-2022) - Representantforslag fra representantene Aleksander Stokkebø, Turid Kristensen, Tage Pettersen, Helge Orten og Tore Vamraak - om å ta sosialt ansvar og hjelpe folk med gjeldsproblemer gjennom en styrking og utvidelse av gjeldsregisteret

Eg viser til brevet frå familie- og kulturkomiteen av 21. april 2022, der komiteen ber om departementets vurdering av forslaga frå stortingsrepresentantane Aleksander Stokkebø, Turid Kristensen, Tage Pettersen, Helge Orten og Tore Vamraak, *om å ta sosialt ansvar og hjelpe folk med gjeldsproblemer gjennom en styrking og utviding av gjeldsregisteret*.

Det er brei politisk semje om forslaga representantane tek opp. Hurdalsplattformen har klare ambisjonar for utviding av registeret. Eg kan opplyse at departementet allereie arbeider med nettopp dei forslaga som representantane tek opp.

Departementet er no i gang med å førebu eit forslag til endring i gjeldsinformasjonsforskifta om utviding av gjeldsinformasjonsordninga med pantesikra gjeld. Eg tek sikte på å snarleg sende ei sak om dette på høyring . Saka har altså ikkje allereie vore på høyring, slik representantane skriv i forslaget.

Samstundes med det nemnde forskriftsarbeidet, vil eg òg greie ut ei ytterlegare utviding av gjeldsinformasjonsordninga. Det vert arbeidd med begge prosessane samstundes, men ei eventuell utviding med meir enn pantesikra gjeld er ei lovsak som vil ta noko lenger tid.

Eg vil særskild nemna at ei utviding må vere både naudsynt og samstundes forsvarleg med omsyn til personvernet, og at dette kan stille seg ulikt avhengig av kva slags type gjeld det dreier seg om. Datatilsynet har mellom anna peika på at «det

vil være nødvendig med en uttømmende identifisering av samtlige gjeldstyper som kan være aktuelt å ta inn i ordningen, og vurdere hver enkelt kategori gjeldsopplysninger opp mot formålet». Ein viktig del av arbeidet som no er i gang, er derfor å gjere ei grundig vurdering av personvernomsynet.

Med helsing

Kjersti Toppe